



## Melding

Dato: 02.09.2016  
Arkivsak: 2014/16981-29  
Saksbehandlar: livsund

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord - orientering om utvikling i saka

Kommunedelplan for Sysendalen var handsama i KIRU den 10. mai. Det vart fatta slikt vedtak:

1. *«Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet ift grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.*
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 da aust for Drølstølsbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterlegare 190 dekar er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjør dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vere avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.*
3. *Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.»*

Vedtaket vart oversendt Eidfjord kommune i brev 24.05.2016.

#### Planvedtak i Eidfjord kommune

Kommunestyret i Eidfjord har i møte 27.06.2016 fatta slikt vedtak:

1. *Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart datert 27.06.2016), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale og føresegner, baa datert 27.05.2016 vedteke, jf. pbl. § 11-15.*
2. *Fylkesmannen har motsegn mot området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan kommunestyret ikkje eigendokjenna, jfr. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til endeleg avgjerd, jf. pbl. § 11-16. Eidfjord kommune gjer merksam på pkt. 2 i vedtaket. Vedlagt følgjer eige brev og utgreiing som skal følgja oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»*

## Fylkesmannen i Hordaland si handsaming av saka

Fylkesmannen i Hordaland har fremja motsegn til planen og konkluderer slik i si høyringsfråsegn 28.04.2016:

*«Fylkesmannen har funne det naudsynt å fremje motsegn til framlegg til kommunedelplan for Sysendalen. Vi vurderer at planframlegget har ein del manglar, slik det er gjort greie for i vurderinga ovanfor. Når det gjeld arealbruk/ nye arealføremål, meiner Fylkesmannen at områda som er sette av til idrettsføremål (skianlegg) ikkje kan akseptertast slik dei er vist, ut frå omsynet til villreininteressene. Som eit minimum, må området aust for Drøllstølsbekken takast ut, for at Fylkesmannen skal vurdere å trekke motsegna.»*

*Motsegna inneber at Eidfjord kommune ikkje kan vedta planen slik han no ligg føre. Vi ser difor i møte eit endra planframlegg, der Fylkesmannen og andre høyringspartar sine merknader og motsegnspunkt vert vurdert og teke omsyn til. All den tid kommunen allereie har signalisert at det kan vere aktuelt med justeringar av planen, vil vi vere opne for ein vidare dialog. Skulle Eidfjord kommune likevel kome til at ein vil ta planen opp til endeleg handsaming slik han ligg føre, vil alternativet vere å be om formell mekling, jf. pbl. § 5-6.»*

### Om planvedtaket 27.06.16

Hordaland fylkeskommune har mottatt kopi av brev frå Fylkesmannen til Eidfjord kommune 04.07.16. I dette brevet er det påpeikt at det er gjort sakshandsamingsfeil som kan gjere planvedtaket ugyldig. Også fylkeskommunen si fråsegn i saka blir kommentert i Fylkesmannen si grunngjeving:

*«Fylkesmannen legg elles til grunn at også Hordaland fylkeskommune har uttalt seg på bakgrunn av at det aktuelle området var teke ut ved offentleg ettersyn. Planvedtaket omtaler ikkje dette tilhøvet. Før Fylkesmannen kan gå vidare med saka, gjennom å tilby ev. mekling eller oversending til departementet, må vi få opplyst frå kommunen korleis ein vurderer dette. Inntil vidare, og etter drøftingar med administrasjonen, legg vi til grunn at planvedtaket i praksis òg kan ha utløyst motsegn frå Hordaland fylkeskommune.»*

Konklusjon frå Fylkesmannen:

*«Fylkesmannen vurderer i denne saka at planen og planprosessen har store manglar. Det er etter vårt syn gjort fleire sakshandsamingsfeil og at desse medfører at vedtaket kan sjåast som ugyldig og dermed ikkje har rettsverknader, i den forstand at planen skal vere førande for statlege og regionale styresmakter sin vidare medverknad i planlegginga i Sysendalen. Eidfjord kommune har i denne saka mellom anna sett bort frå, eller gjort ei svært ufullstendig vurdering av motsegner som var fremja til planen og dessutan tolka statlege motsegner feil, utan å ta det opp med rette styresmakter og Fylkesmannen. Planen har vidare formelle manglar som gjer den ueigna for oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.»*

*Før vi gjer noko meir, ber vi difor om ei attendemelding frå Eidfjord kommune på dei tilhøva vi no peikar på, og ei vurdering av korleis Eidfjord kommune ser for seg at saka bør takast vidare. Fylkesmannen og Statens vegvesen har tidlegare signalisert at ein vil vere open for vidare dialog og eventuelt ei mekling. Vi rår til at kommunen i vurderer dette og gjev ei attendemelding med forslag til løysing. Vi ber om at det blir gjort så snart som mogeleg.»*

Fylkesmannen peiker også på at vedtaket er fatta samstundes med at planen var ute til nytt ettersyn og utan at dei hadde fått rimeleg tid til å gje uttale. Eit justert forslag datert 27.05.16 skal vere sendt til fylkesmannen 30.05.16, men fylkeskommunen har ikkje motteke dette

### Svar frå Eidfjord kommune på brev frå Fylkesmannen

Eidfjord kommune har i brev 01.09.16 til Fylkesmannen i Hordaland med kopi til fylkeskommunen svart slik på fylkesmannen sin merknad om fylkeskommunen si rolle i denne saka:

*«... Eidfjord kommune har etter to synfaringar med fylkesmannen, ei synfaring med fylkeskommunen, tre dialogmøte og etter å ha redusert planområdet med i alt 590 dekar aust og vestom Drølstølsbekken, vurdert det slik at det var uråd å koma til semje om attverande areal aust for Drølstølsbekken. For alle praktiske føremål betyr det at eit av hovedmåla med kommuneplanen – etablering av ein alpin resort – ikkje lar seg realisere. Me såg då innan annan utveg enn å sende planen til departementet. Om dette ikkje er i samsvar med formell saksgang seier me oss leie for det.»*

Fylkesrådmannen vil peike på at kartmaterialet i denne saka har vore uklårt, og det går heller ikkje klårt fram av dei kart og dokument fylkeskommunen har hatt tilgang til kva areal som er lagt til grunn i oversendinga til departementet.

Vedlegg: Brev frå Fylkesmannen til Eidfjord kommune og svarbrev frå Eidfjord kommune